



Klagenemnda for tilskudd  
til kulturarrangementer

---

**Avgjerd frå Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement 1. februar 2023**

**Sak:** 2022/155

**Klagar:** Musikk og underholdning AS

**Klagenemndas samansetning:**

Nemndsleiar Tore Lunde, nemndsmedlemmane Jon Gotteberg og Morten Thuve

**1 Bakgrunn for saka**

- (1) Musikk og underholdning AS (frå no av «klagar») søkte 30. juni 2021 om kompensasjon som arrangør for tap i samband med avlysing av ei konserttrekkje med Gunslingers i perioden 12. februar til 27. juni 2021. Klagar søkte om kompensasjon på kroner 735 300 etter forskrift 26. mai 2021 nr. 1642 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. januar til 30. juni 2021 som følge av covid-19-utbruddet (frå no av «forskrifta»). Klagar har lagt ved leigekontraktar, artistavtale, resultatrekneskap for januar til mars 2021 og resultatrekneskap for april til juni 2021 i søknaden.
- (2) Klagar har i søknaden vist til at dei hovudsakleg arrangerer, formidlar og organiserer konsertar for bandet Gunslingers. Klagar har vidare vist til at det også var søkt om tilskot etter stimuleringsordninga for arrangementa, og at Kulturrådet tilrådde å trekkje tilskotssøknaden, då konsertarrangementa ikkje kunne gjennomførast. Klagar har halde fram at Kulturrådet tilrådde å senda inn kompensasjonssøknad ved seinare høve.
- (3) Kulturrådet etterspurde i samband med saksbehandlinga informasjon frå klagar. Klagar blei bedt om å ettersenda konsertavtale for planlagt konsert 6. mars 2021, 31. mars 2021 og 27. juni 2021. Den 2. september 2021 ettersende klagar vedlegg. Klagar har i ettersendt vedlegg opplyst om at verksemda hovudsakleg planlegg konsertar munnleg over telefon og ved bruk av Messenger, med den konsekvens at dei i stor grad ikkje kan visa til kontraktar. Klagar informerte også om at det ved utfyllinga av søknaden er skrive feil dato på konserten i Øystese. Konserten var planlagt gjennomført 27. mars 2021, og ikkje 27. juni 2021.
- (4) Kulturrådet fatta 4. november 2021 vedtak om avkorta kompensasjonsbeløp på kroner 22 724, på bakgrunn av at kompensasjon på kroner 735 300 ville føra til *«et positivt ordinært resultat før skattekostnad for arrangøren i kompensasjonsperioden»*, jf. forskrifta § 9 tredje ledd.

**Postadresse**

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse**

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

- (5) Klagar klaga på vedtaket om avkorting 9. november 2021. Det er vist til at sju av dei åtte planlagde arrangementa fyrste halvår av 2021 vart avlyste grunna restriksjonar. Klagar har vidare halde fram at dei, grunna avlysingane, trekte tilbake tilskotsøknaden for perioden, då Kulturrådet tilrådde å heller søkje om kompensasjon i ettertid.
- (6) Klagar har vidare bedt om forklaring på at dei *«resterande 459000 som er kontraktfesta muntlig og i stor grad signert skriftleg med underleverandørar skal avkortast med 97%»*. Klagar har halde fram at Kultur-Noreg vart råda av dåverande kultur- og likestillingsminister om ikkje å avlysa arrangement. Klagar har halde fast at dei kjenner seg ansvarlege for at underleverandørar har tapt pengar for kvart arrangement dei har planlagt. På denne bakgrunn har klagar gjort framlegg om at berre kroner 315 000 blir trekt vekk frå søknadsbeløpet, då dette er pengar som skulle gått til klagar sjølv som honorar for planleggingsarbeidet.
- (7) Den 22. desember 2021 sende Kulturrådet e-post til klagar med utrekningane som vart gjort ved søknadsbehandlinga, som var grunnlaget for at kompensasjonsbeløpet skulle avkortast etter forskrifta § 9 tredje ledd. Kulturrådet spurde klagar om det var aktuelt å trekkje klaga, dersom klagar var samd i Kulturrådet sine utrekningar av overskotet til verksemda for perioden.
- (8) Klagar svara Kulturrådet ved e-post 26. desember 2022. Klagar vedgjekk at selskapet fell utanfor kompensasjonsordninga ut i frå retningslinene, men har bedt Kulturrådet om å bruka *«litt fornuft»* i lys av katastrofen som skjedde i april 2021, då kulturministeren lova Kultur-Noreg hjelp til å gjennomføra arrangement til tross for nye restriksjonar. Klagar kjenner seg *«rimelig lurt»* då dei no ikkje får kompensert sine underleverandørar. Dette særleg fordi klagar har garantert og lova sine underleverandørar å ta ansvar for søknadar for perioden, og at underleverandørane dermed ikkje skulle søkja kompensasjon sjølve.
- (9) Kulturrådet svara klagar same dag for å avklare om klagar ville trekkje klaga, eller om dei ville at klaga skulle vidaresendast til klagenemnda. Klagar stadfesta 30. desember 2021 at dei ynskte å få saka prøvd på ny.
- (10) Kulturrådet sende klagar e-post 3. januar 2022 der det er vist til at det er gjort ei ny søknadsvurdering. Kulturrådet har vist til tidlegare utrekningar, og understreka at dei ser utrekningane som korrekte. Vedlagt e-posten var utskrift av forskrifta frå Lovdata.
- (11) Klagar kontakta Kulturrådet ved e-post 4. januar 2022. Klagar har halde fast at Kulturrådet må bruka skjønn ved søknadsbehandlinga. Det er vist til at det er ein spesiell kompensasjonssøknad, då den opphavelig var ein tilskotssøknad. Vidare har klagar gjort gjeldande at det var umogleg på tidspunktet då tilskotssøknaden vart trekt, å føresja vilkåret om at ein arrangør ikkje kan gå med overskot etter kompensasjonsordninga. Klagar har vidare halde fast at dåverande kulturminister lova å hjelpa Kultur-Noreg økonomisk, slik at ein ikkje skulle avlysa kulturarrangement, og at dei slik har fått ein garanti om å få tildelt pengar.
- (12) Endeleg har klagar vist til at forskrifta § 15 tredje ledd, som Kulturrådet har vist til, gjeld for underleverandørar, noko klagar ikkje er. Klagar har på denne bakgrunn halde fram at Kulturrådet må bruke skjønn og sjå vekk frå vilkåret, og betala ut heile kompensasjonsbeløpet.

- (13) Kulturrådet svara klagar ved e-post same dag. Kulturrådet har vist til at det er korrekt som klagar har halde fram at forskrifta § 15 tredje ledd gjeld for underleverandørar. Kulturrådet har derimot vist til at forskrifta § 9 tredje ledd har likelydande ordlyd, og gjeld for arrangørar. Til klagar sitt argument om at Kulturrådet må nytta skjønn, har Kulturrådet uttalt:

*«Regelverk er ikke ment å forutse, det er ment å forholdes til på aktuelt tidspunkt. Kulturrådet finner ikke grunn til å bruke skjønn når forskriften er tydelig.»*

- (14) Kulturrådet har bedt klagar om å dokumentera at Kulturrådet har råda verksemda til å trekkje tilskotssøknaden, og heller søkja kompensasjonsmidlar i ettertid. Endeleg har Kulturrådet bedt klagar om å grunngje kvifor dei skulle hatt rett til tilskot fullt ut, dersom klagar alternativt hadde søkt om dette. Kulturrådet sette svarfrist til 10. januar 2022. Klagar svara ikkje på førespurnaden.
- (15) Kulturrådet vurderte klaga, men har konkludert med at den ikkje ga grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingssåten i forvaltningssaker datert 10. februar 1967 (forvaltningslova) § 33. Kлага og dokumenta i saka vart sendt til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement ved Kulturrådet si innstilling datert 12. januar 2022.
- (16) Kulturrådet har i innstillinga vist til at dei har måtta avkorta søknadsbeløpet, då klagar ikkje oppfyller vilkåret om at kompensasjonsutbetaling ikkje kan føra til eit *«positivt ordinært resultat før skattekostnad for arrangøren i kompensasjonsperioden»*, jf. forskrifta § 9 tredje ledd. Det er vist til at Kulturrådet har vurdert vilkåret ved å sjå til resultatsrekneskapet sendt inn av klagar for kompensasjonsperioden.
- (17) Kulturrådet har vidare vist til at klagar ikkje har sendt inn dokumentasjon på at Kulturrådet har råda verksemda til å trekkje tilskottssøknad og heller søkje kompensasjon ved seinare høve. Det er av Kulturrådet vist til at det ikkje har funne noko som tilseier at dei har gitt klagar dei råda som er halde fram. Vedlagt innstillinga var kopiar av tidlegare e-postveksling mellom klagar og Kulturrådet.

Kulturrådet har også vist til at det etter ei gjennomgåing av kontraktane vedlagt søknaden, ikkje er funne kontraktvilkår som tilseier at kontraktane medførte *«uungåelige kostnader»* for klagar etter forskrifta §§ 5 og 7. Kulturrådet har halde fram at dei ikkje har motteke etterspurd dokumentasjon frå klagar, jf. forskrifta § 19. Endeleg har Kulturrådet vist til at dei fører kontroll over at vilkåra for å motta kompensasjon etter ordninga er oppfylt, og at dei kan krevje tilbakebetaling av urett utbetaling.

- (18) Klagar har i brev datert 19. januar 2022 fått informasjon om saksgongen til Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement, og frist til å kommentera innstillinga frå Kulturrådet eller gje andre merknadar.
- (19) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement behandla saka i nemndsmøte 12. desember 2022. Nemnda forstod det slik at klagar hadde planlagt å gjennomføra konsertar i begge kompensasjonsperiodane i forskrifta. På bakgrunn av at Kulturrådet berre hadde vurdert klagars resultat i fyrste kompensasjonsperiode, og dermed unnlate å vurdere forskrifta § 9 tredje ledd separat for kvar periode, blei Kulturrådets vedtak oppheva og saka returnert til underinstansen for ny behandling som følgje av saksbehandlingsfeil.

- (20) Norsk Kulturråd opplyste i e-post til Klagenemndssekretariatet 21. desember 2022 at det i avgjerda til nemnda 14. desember 2022 var lagt til grunn feil faktum. Kulturrådet viste til klagars ettersendte vedlegg 2. september 2021, der klagar informerte Kulturrådet om at det ved utfyllinga av søknaden er skrive feil dato på konserten i Øystese. Konserten var planlagt gjennomført 27. mars 2021, og ikkje 27. juni 2021. Kulturrådet viste til at klagar derfor berre skulle gjennomføra konsertar i fyrste kompensasjonsperioden i forskrifta.
- (21) På bakgrunn av opplysningane i e-posten frå Kulturrådet 21. desember 2022, blei det 13. januar 2023 sendt varsel om omgjerding av klagenemnda si avgjerd. Det blei gitt ein frist på ei veke for klagar å sende inn eventuelle merknadar. Klagar har ikkje sendt inn merknader til varselet.
- (22) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement behandla saka på nytt i nemndsmøte 1. februar 2023.

## 2 Det rettslege grunnlaget

- (23) Det rettslege grunnlaget er lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) og forskrift 26. mai 2021 nr. 1642 om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. januar til 30. juni 2021 som følge av covid-19-utbruddet.
- (24) I forskrifta § 1 om føremål står det:

*«Formålet med denne ordningen er å kompensere arrangører og underleverandører i kultursektoren for tap knyttet til avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer som følge av råd eller pålegg gitt av offentlige myndigheter i forbindelse med covid-19-utbruddet.»*

- (25) Etter forskrifta § 3 er:

*«Kompensasjonsperioder etter denne forskriften er:*

*a. 1. januar til 31. mars 2021*

*b. 1. april til 30. juni 2021.»*

- (26) Forskrifta § 5 lyder som følgjer:

*«(1) Det kan gis kompensasjon på inntil 95 prosent av en arrangørs uunngåelige økonomiske forpliktelser knyttet til et realistisk planlagt kulturarrangement dersom følgende vilkår er oppfylt:*

*a. Kulturarrangementet ble eller skulle ha blitt avholdt i perioden 1. januar til 30. juni 2021*

*b. Kulturarrangementet ble avlyst, stengt eller nedskalert som følge av klare og dokumenterbare råd eller pålegg gitt av offentlige myndigheter i forbindelse med covid19-utbruddet*

*c. Kulturarrangementet var eller skulle vært billetterert og åpent for allmennheten*

*d. Kulturarrangementet var senest planlagt 15 dager før gjennomføringsdato.*

*(2) Det gis ikke kompensasjon dersom arrangøren har mottatt støtte til samme arrangement i henhold til forskrift 28. januar 2021 nr. 273 om midlertidig tilskudd til kulturarrangementer første halvår 2021 som følge av covid-19 (stimuleringsordningen). Dersom en arrangør har mottatt støtte til et arrangement fra stimuleringsordningen og senere tilbakebetalt støtten, kan arrangørens kompensasjon for det avlyste, stengte eller nedskalerte arrangementet etter denne ordningen ikke overstige støttebeløpet som ble utbetalt gjennom stimuleringsordningen.»*

(27) Etter forskrifta § 7 fyrste ledd følger det at:

*«(1) Med uunngåelige økonomiske forpliktelser menes arrangørens faktiske kostnader knyttet til det avlyste, stengte eller nedskalerte arrangementet. Kostnader knyttet til arrangementet som bortfaller eller refunderes på grunnlag av avtale, forsikring mv., regnes ikke som uunngåelige økonomiske forpliktelser. Ved avlysning, stenging eller nedskalering av arrangement plikter arrangøren å begrense kostnader så langt det er mulig.»*

(28) Etter forskrifta § 9 tredje ledd kan:

*«(3) Kompensasjon, justert for eventuell avkortning etter dette kapittelet, [...] ikke gi et positivt ordinært resultat før skattekostnad for arrangøren i kompensasjonsperioden. I slike tilfeller vil kompensasjonen bli avkortet, slik at det ordinære resultatet før skattekostnad i kompensasjonsperioden blir null. Dette gjelder likevel ikke for selvstendig næringsdrivende registrert i Brønnøysundregistret som enkeltpersonforetak (ENK) eller ansvarlig selskap (ANS/DA). Slike selskap kan ha et positivt ordinært resultat før skattekostnad på 108 242 kroner pr. kompensasjonsperiode inkludert kompensasjon fra denne ordningen.»*

(29) Etter forskrifta § 19 fyrste ledd skal.

*«(1) Søkere [...] på forespørsel gi alle opplysninger og dokumentasjon som er nødvendig for at Norsk kulturråd skal kunne kontrollere at vilkårene i forskriften for å motta kompensasjon er oppfylt.»*

(30) Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider ved saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det, og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

(31) Det går fram av forvaltningslova § 35 at:

*«Et forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget dersom*

*a. endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser eller*

*b. underretning om vedtaket ikke er kommet fram til vedkomende og vedtaket heller ikke er offentlig kunngjort, eller*

*c. vedtaket må anses ugyldig.»*

### **3 Klagenemnda si vurdering**

- (32) Saka gjeld omgjerding av vedtaket frå klagenemnda 14. desember 2022 om kompensasjon som arrangør for tap i samband med avlysing av ei konserttrekkje med Gunslingers i perioden 12. februar til 31. mars 2021.
- (33) Norsk Kulturråd orienterte klagenemnda i e-post 21. desember 2022 om at avgjerda til nemnda 14. desember 2022 bygde på feil faktum. Kulturrådet viste til at klagar i ettersendt vedlegg 2. september 2021 informerte Kulturrådet om at verksemda ved utfylling av søknaden har skrive feil dato på konserten i Øystese. Konserten var planlagt gjennomført 27. mars 2021, og ikkje 27. juni 2021. Kulturrådet viste til at klagar derfor berre skulle gjennomføra konsertar i den fyrste kompensasjonsperioden i forskrifta. Klagenemnda har kome til at det er naudsynt å vurdere om opplysningane gir grunnlag for å gjera om vedtaket etter forvaltningslova § 35.
- (34) Det følgjer av forvaltningslova § 35 fyrste ledd at *«et forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget»* dersom eit av vilkåra som er lista opp i bokstav a-c er oppfylt.
- (35) Etter forvaltningslova § 35 fyrste ledd bokstav c kan eit vedtak gjerast om sjølv om det ikkje er sendt inn klage dersom *«vedtaket må anses ugyldig»*.
- (36) Det klagenemnda må vurdere, er om dei nye opplysningane frå Kulturrådet medfører at nemnda sitt vedtak datert 14. desember 2022 *«må anses ugyldig»*, jf. forvaltningslova § 35 fyrste ledd bokstav c.
- (37) Klagenemnda oppheva Kulturrådet sitt vedtak av 4. november 2021 og returnerte saka til underinstansen for ny behandling. Vedtaket var grunna med at klagar hadde planlagt å gjennomføra konsertar i begge kompensasjonsperiodane i forskrifta, medan Kulturrådet berre hadde vurdert klagar sitt resultat i fyrste kompensasjonsperiode. Kulturrådet hadde dermed ikkje vurdert forskrifta § 9 tredje ledd separat for kvar periode.
- (38) Nemnda ser at klagar i ettersendt vedlegg 2. september 2021 informerte om at konserten i Øystese var planlagt gjennomført 27. mars 2021 og ikkje 27. juni 2021. Ved ny gjennomgåing av tilgjengeleg dokumentasjon har nemnda derfor kome til at klagar berre hadde planar om å arrangera konsertar i fyrste kompensasjonsperiode i forskrifta. Nemnda legg etter dette til grunn at vedtaket av 14. desember 2022 er ugyldig, fordi saka vart returnert til underinstansen på grunn av ein saksbehandlingsfeil som i ettertid viste seg ikkje å ha skjedd.
- (39) Regelen i forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c er ein *«kan»*-regel. Ei streng praktisering av regelen kan lett verke urimeleg overfor den som får eit vedtak til gunst gjort om i ettertid. Nemnda må dermed ta stilling til om det er grunnar for at ein likevel ikkje skal gjera om vedtaket.
- (40) Det går fram av NOU 2019:5 side 409-410 at både omsyna til rettstryggleik og effektivitet kan tale for at eit forvaltningsvedtak blir ståande, når det først er vedtatt. Omgjerding til skade for partar eller andre som saka gjeld direkte, svekkar omsynet til rettsvissa, og kan verke hardt for parten som allereie har innretta seg etter vedtaket.

Motsetningsvis er hovudgrunnane for omgjerding omsynet til ei materiell rett avgjerd og samfunnsmessige omsyn, særleg at avgjerder frå forvaltninga skal bidra til å nå samfunnsmessige mål. Omsynet til ei materiell rett avgjerd gjer seg særleg gjeldande der det viser seg at situasjonen på vedtakstidspunktet var annleis enn det forvaltninga la til grunn.

- (41) Nemnda viser til at innrettingsomsynet ikkje står sterkt i saka, då det etter nemnda sitt syn må vera klart at klagar hadde kunnskap om at nemnda behandla saka ut frå feil dato på konserten planlagt gjennomført i Øystese. Nemnda viser òg til at det har gått kort tid sidan nemnda fatta sitt vedtak. Nemnda har på bakgrunn av dette kome til at vedtaket datert 14. desember 2022 gjerast om på bakgrunn av at det er lagt til grunn feil faktum i saka, noko som har ført til at vedtaket er ugyldig, jf. forvaltningslova § 35 fyrste ledd bokstav c.
- (42) Klagenemnda vil i det følgjande behandle klaga på avkorting av innvilga kompensasjonsbeløp i samband med avlysing av ei konserttrekkje med Gunslingers i perioden 12. februar til 27. mars 2021 på nytt.
- (43) Innleiingsvis viser nemnda til at Kulturrådet i innstillinga har oppretthalde vedtak om avkorta kompensasjonsbeløp, jf. forskrifta § 9 tredje ledd. Kulturrådet har derimot også vist til at dei etter ei ny prøving av faktum har kome til at søknaden ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta §§ 5 og 7. Kulturrådet har ikkje omgjort vedtaket av 4. november 2021, men vist til at dei kan krevje urett utbetalt kompensasjon tilbake med heimel i forskrifta sitt kapittel 5.
- (44) Etter nemnda sitt syn gjeld klaga eit vedtak om avkorting av kompensasjonsbeløp. Sjølv om nemnda kan prøve alle sider av saka, er det Kulturrådet som har heimel i forskrifta §§ 20 og 21 til å utføre kontroll og krevje tilbakebetaling *«[d]ersom det er utbetalt kompensasjon i strid med bestemmelsene etter denne forskriften»*. Her viser nemnda særleg til forskrifta § 21 fyrste ledd som seier at *«[u]riktig utbetalt kompensasjon tilbakebetales til og innkreves av Norsk kulturråd.»*
- (45) At det er Kulturrådet som har ansvar for kontroll og tilbakebetalingskrav, har nær samband med at nemnda er *«klageinstans for Norsk kulturråds vedtak etter forskriften.»* For dei tilfella at Kulturrådet ikkje har fatta eit sjølvstendig vedtak om å trekkje kompensasjonen tilbake, vil klagar difor ikkje få ein reell klagerett dersom nemnda skulle ha kravd tilbakebetaling på grunn av feilutbetaling etter forskrifta kapittel 5. Vidare må det dessutan bli sendt melding om omgjerding av vedtak til skade for klagaren innan tre månader etter at underinstansen fekk klaga, om klagenemnda skal kunne gjera om Kulturrådets vedtak til skade for klagar, jf. forvaltningslova § 34 tredje ledd andre setning.
- (46) Klaga vart sendt til Kulturrådet 9. november 2021, og fristen for nemnda til å endra vedtaket til skade for klagar er difor overskriden, jf. forvaltningslova § 34 tredje ledd andre setning. Nemnda har difor ikkje vurdert om det vil vera grunnlag for å gjera om vedtaket til skade for klagar eller krevje kompensasjonen tilbakebetalt frå klagar, men avgrensa prøvinga til å vurdere om vedtak om avkorting datert 4. november 2021 var i tråd med forskrifta. Nemnda vil følgeleg ikkje ta stilling til om vilkåra i forskrifta §§ 5 og 7 er oppfylt.

- (47) Nemnda viser til at det i vedtaket frå Kulturrådet feilaktig er vist til forskrifta § 15 tredje ledd, og ikkje forskrifta § 9 tredje ledd. Sidan vilkåret i forskrifta §§ 9 tredje ledd og forskrifta 15 tredje ledd er likelydande, har feilen etter nemnda sitt syn ikkje hatt nokon innverknad på vedtaket.
- (48) Då konserten i Øystese var planlagt gjennomført 27. mars 2021, og ikkje 27. juni 2021, hadde klagar berre planar om å arrangera konsertar 1. januar til 31. mars 2021. Klagar har dermed søkt om kompensasjon pålydande kroner 735 300 i fyrste kompensasjonsperioden i forskrifta.
- (49) Det følgjer av forskrifta § 9 tredje ledd at «*[k]ompensasjon, justert for eventuell avkortning etter dette kapitlet, kan ikke gi et positivt ordinært resultat før skattekostnad for arrangøren i kompensasjonsperioden*». Nemnda viser til at føresegna inneber, til skilnad frå tidlegare kompensasjonsforskrifter, at ein kompensasjonsmottakar ikkje kan få eit positivt resultat i den kompensasjonsperioden kompensasjonsmidlane blir tildelt.
- (50) Kompensasjonsperiodane i forskrifta er 1. januar til 31 mars 2021 og 1. april til 30. juni 2021, jf. forskrifta § 3. Nemnda legg til grunn at klagar berre skulle arrangere konsertar i fyrste kompensasjonsperiode.
- (51) Nemnda har på bakgrunn av klagar sitt resultatrekneskap for perioden 1. januar 2021 til 31. mars 2021 kome til at klagar hadde eit negativt resultat på kroner 22 724 i kompensasjonsperioden det er søkt kompensasjon for.
- (52) Når det gjennomsnittlege resultatet utgjer kroner – 22 724, vil klagar få eit «*positivt ordinært resultat før skattekostnad for arrangøren i kompensasjonsperioden*» ved utbetaling av kompensasjon på søkte kroner 735 300, jf. forskrifta § 9 tredje ledd.
- (53) Ei konsekvens er at kompensasjonsbeløpet må avkortast i tråd med resultatet, slik at kompensasjonsbeløpet ikkje medføre eit positivt resultat. Dette gjer at kompensasjonen må justerast ned til kroner 22 724, jf. forskrifta § 9 tredje ledd.
- (54) Klagenemnda har følgeleg kome til at Kulturrådets avkortning av kompensasjonsbeløpet til kroner 22 724 var i tråd med forskrifta.
- (55) Klagar har ved fleire høve halde fast at det må nyttast skjønn ettersom søknaden opphøveleg var ein tilskotssøknad. Nemnda viser til at ein ved prøvinga må ta stilling til om klagar oppfyller vilkåra i gjeldande forskrift. På denne bakgrunn kan ikkje nemnda ta omsyn til om klagar ville ha fått løyvd tilskotsmidlar. Nemnda ynskjer likevel å presisera at søkjarar ikkje har eit rettsleg krav på støtte etter tilskotsordningane, da Kulturrådet forvaltar eit avgrensa tilskotsbeløp. Praksisen har difor vore at Kulturrådet har gjort ei prioritering av søknader, ut frå momenta som går fram av gjeldande tilskotsforskrift § 8 første ledd. På denne bakgrunn finn nemnda det klart at klagar sine argument om at søknaden må handsamast annleis fordi den opphøveleg var ein tilskotssøknad, ikkje førar fram, da tilskotssøknadar ikkje gir søkarar eit rettsleg krav på støtte. Etter nemndas syn er det i den konkrete saka ikkje grunn til å leggja vekt på skjønn eller rimelegheitsbetraktningar, da ordlyden i forskrifta er klar. Argumentet kan følgeleg ikkje føra fram.



#### **4 Vedtak**

(56) Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement treff etter dette følgande vedtak:

- 1. Klagenemnda for tilskot til kulturarrangement si avgjerd datert 14. desember 2022 blir gjort om.**
- 2. Klaga vert ikkje teken til følgje.**

Vedtaket er endeleg og kan ikkje bli klaga på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Bergen, 1. februar 2023

Tore Lunde  
Nemndsleiar

Jon Gotteberg  
Nemndsmedlem

Morten Thuve  
Nemndsmedlem

*Dokumentet er godkjent elektronisk*